

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H, V, A, Sp og KrF fram slikt forslag til fråsegn:

«Fellesnemnda for Vestland fylke syner til Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til rullering av Nasjonal Transportplan 2022-33.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for Vestland fylke og skipsfarten langs kysten. Prosjektet har positiv verknad på både tryggleik, klimagassutslepp og overføring av gods frå veg til kjø. Det er no gjennomført KS2 for prosjektet, samt prøveboringar. Fellesnemnda for Vestland fylke vil difor oppmoda Regjeringa om å følgja opp prosjektet for å sikre at det kan realiserast i tråd med prioriteringa i Nasjonal Transportplan 2018-29 med oppstart i 2021.»

Røysting

Aud Karin Oen (SV) stemte i mot fyste avsnitt i forslaget.
Søviknes sitt forslag vart elles samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda for Vestland fylke syner til Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til rullering av Nasjonal Transportplan 2022-33.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for Vestland fylke og skipsfarten langs kysten. Prosjektet har positiv verknad på både tryggleik, klimagassutslepp og overføring av gods frå veg til kjø. Det er no gjennomført KS2 for prosjektet, samt prøveboringar. Fellesnemnda for Vestland fylke vil difor oppmoda Regjeringa om å følgja opp prosjektet for å sikre at det kan realiserast i tråd med prioriteringa i Nasjonal Transportplan 2018-29 med oppstart i 2021.